



Arkitekt Einar Mørk  
c/o Stiftelsen Bryggen Bredsgården Bryggen  
5003 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2963 - 17/15613

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
26.05.2017

## Løyve til igangsetjing for heile tiltaket - gbnr 239/15 Eknes ytre

**Administrativt vedtak. Saknr: 244/17**

**Tiltakshavar:** Therese Visted  
**Ansvarleg søkjar:** Sivilarkitekt Einar Mørk mnal  
**Søknadstype:** Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetjingsløyve for heile tiltaket.  
Kommunen har i vedtak av 13.01.2017 gjeve rammeløyve.

Det vert elles vist til søknad motteken 20.04.2017, supplert 23.05.2017.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 23.05.2017 og frist for sakshandsaming etter forskrift om byggesak (SAK 10) § 7-1, 1. ledd, bokstav b, er 3 veker frå denne dato, jf. SAK 10 § 7-2.

### VURDERING

Vilkår i rammeløyvet synast stetta. Det er gitt løyve til å leggja vatn inn i bygget i skriv datert 30.03.2017, jf arkivsak 17/997, og det er gitt utsleppsløyve i vedtak datert 15.03.2017, jf arkivsak 17/632.  
Det er dokumentert at tiltaket stettar punkt 1.20 i føresegnene til kommuneplanen.

Det vert gjort merksam på at det ikkje vert gitt mellombels bruksløyve eller ferdigattest for tilbygget før avlaupsanlegget er ferdigstilt med ferdigattest.

Tiltakshavar Therese Visted har søkt ansvarsrett som **sjølvbyggjar som utførande for grunnarbeid, murarbeid, tømmer- og snekkerarbeid** etter SAK § 6-8 på eigen fritidsbustad.



Tiltakshavar har etter kommunen si vurdering sannsynleggjort at arbeidet vil bli utført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova.

Erklæring om ansvar frå føretaket Hjelmås VVS AS gjeld innvendig arbeid.

## **VEDTAK**

**Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 , jf. § 21-2, 5.ledd vert det gjeve løyve til igangsetjing av heile tiltaket på følgjande vilkår:**

- 1. Rammeløyve datert 13.01.2017 med vilkår gjeld for tiltaket.**
- 2. Det vert ikkje gitt mellombels bruksløyve eller ferdigattest for tilbygget før avlaupsanlegget er ferdigstilt med ferdigattest.**

**Med heimel i Forskrift om byggesak § 6-8 godkjenner kommunen tiltakshavar Therese Visted som sjølvbyggjar for utførande av grunnarbeid, murarbeid, tømmer- og snekkerarbeid.**

## **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

## **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klaga over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/2963

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Therese Visted  
Tomas Laugsand Erlien

Øyjordslien 7 5038  
Øyjordslien 7 5038

BERGEN  
BERGEN

**Mottakarar:**

Arkitekt Einar Mørk

c/o Stiftelsen Bryggen 5003  
Bredsgården Bryggen

BERGEN